

## Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 28

Eigedomsskattelova §2 8 opnar opp for at eigedomsskatt i visse tilfelle kan fråfalle dersom innkrevjing verkar særst urimeleg. Dette er eit strengt vilkår og er meint å hjelpe personar med dårleg råd over tid.

I utgangspunktet kan fritak givast etter ei konkret vurdering av søkjar sin økonomi. Kinn kommune har vedteke retningslinjer med enkelte vilkår for å få fritak.

- For 2023 kan husstandar med ei samla bruttoinntekt på 334 431 kroner søkje fritak frå eigedomsskatt (Grunnbeløpet til folketrygda x 3). Som inntekt blir lønn rekna, pensjonar, renteinntekter, aksjegevinstar mm.
- Bur det fleire enn søkjar i bustaden blir desse rekna som ein del av husstanden og deira brutto inntekt blir lagd saman med søkjars brutto inntekt. Dette gjeld også heimebuande barn over 18 år.
- Leigebruarar si husleige blir rekna som inntekt for søkjar.
- Dersom det samla bankinnskottet til husstanden overstig 111 477 kroner blir det ikkje gitt fritak frå eigedomsskatt. Dette gjeld berre for personar over 18 år med inntekt.
- Søkjar må sjølv bu i bustaden.
- Det blir ikkje gitt fritak frå eigedomsskatt på fritidsbustader og sekundærbustader.
- Bebruarar i burettslag kan søkja direkte utan å gå vegen om styret til burettslaget.

Ein søknad som i utgangspunktet fyller vilkåra, kan bli avslått dersom søkjar sin økonomi er svekt for ein tidsavgrensa periode, som til dømes ved studiar eller etterutdanning.

### Dokumentasjon

Ved innlevering av søknad skal kopi av følgjande dokument leggjast ved:

- Utskrift av grunnlag for skatt for 2022 (skatteoppgjer 2022) for husstandsmedlemmer over 18 år.
- Husleigekontrakt dersom søkjar leiger ut delar av bustad eller anna.

### Fristar

Fritaket gjeld berre for kalenderåret 2023. Det er høve til å søkja om heilt eller delvis fritak gjennom heile 2023. Eventuelt fritak blir avgjort av formannskapet og blir gitt ut kalenderåret fra og med måned etter vedtaket.

For 2024 må alle søkja på nytt, også dei som tidlegare har fått innvilga fritak. Dersom ein ønskjer å søkja om fritak for heile 2024, må søknaden vera levert inn innan 24. oktober 2022. Søknader som blir sende etter 20. oktober, men før årsskiftet vil bli behandla januar/februar 2024.

### Søknad sendast til

Kinn kommune v/Formannskapet, Postboks 294, 6701 MÅLØY

**Søknad gjeld følgjande eigedom**

Gnr	Bnr	Seksjonsnr
Eigers førenamn	Etternamn	
Adresse		
Postnr/stad		
Fødselsdato		
Telefon og e-post		
Tilhøyrar eigedommen eit burettslag? Viss ja, namnet til burettslaget: <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		
Søkar sitt kontonummer:		

**Dei andre bebuarane i husstanden**

Namn	Fødselsdato
Namn	Fødselsdato
Namn	Fødselsdato

**Inntektsoversikt**

Husstanden si samla brutto inntekt i 2022

(legg ved kopi av grunnlag for skatt 2022):

Leigeinntekter

(legg ved kopi av husleigekontrakt dersom du leiger ut bustad):

Sted	Dato
Signatur	